



Gunslingers skapte stor stemning på Dønhauglåven i går.

Den populære gruppa Gunslingers samla nær på 500 festglade gjester på Dønhauglåven i går. Ein av dei var TV kjendisen Lothepus. Det kom elles folk frå Karmøy i sør til Indre Hardanger i nord. Det ettertrakta pop-country-bandet var på Dønhaug for 4. gong. Siste gong var i påsken i fjor, også med full låve.



TV kjendisen Lothepus sentralt plassert ved mixepulten.

Alt tidleg på kvelden strøymde det på med ungdom. Dansegruppa Gunslingers gjekk på scena så seint som kl. 23 og gjennomførte programmet sitt i ein avdeling. Etter det vi skjønner er det eit bevisst val for å halda oppe eit trøkk og dermed hindra at folk vandrar for mykje ut og inn.

Det var stor stemning heile kvelden. Det verka som alle kosa seg og humøret var på topp. Slik har det vore kvar gong det populære Hardanger-bandet har vitja Dønhauglåven, men så passar også Gunslingers perfekt på ein låvedans. Tekstane er sjølvskrivne, humoristiske og vert framført på ekte hardangerdialekt. Den ligg vokalist Frode Måkestad nærast. Dei andre i bandet er på bass Jostein Fønnes, Dan Mikal Ripe Frøystad på steel gitar, Frode Andreassen på trommar og Ove Johansen på gitar.

Låvedansen nådde sitt høgdepunkt fram mot kl. 01. Då var Lothepus komen på scenen med eit lite stunt, og mange ville ha selfi saman med entreprenøren frå Hardanger.



500 festglade gjester kom til Uskedalen på låvedans

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland